



Utval: Eldrerådet
Møtestad: 2. etasje, Fitjar rådhus
Dato: 11.02.2019
Tid: 11:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Eva Pernille Tufteland	LEIAR	
Arvid Ole Refvik	NESTL	
Grete Marit Veka Maraas	MEDL	
Trude Miland Helland	MEDL	
Torunn Johansen	MEDL	

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
-------------	-----------------	----------------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Trygve Eiken		

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Marianne Ytrearne	Sekretær

Eva Pernille Tufteland
leiar

Marianne Ytrearne
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan signatur

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 1/19	Godkjenning av møteinnkalling	
PS 2/19	Godkjenning av saksliste	
PS 3/19	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 10.12.18	
PS 4/19	Orienteringssaker	
PS 5/19	Tannhelsetenesta i Fitjar	
PS 6/19	Ymse	

PS 1/19 Godkjenning av møteinnkalling

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet godkjenner møteinnkalling til møtet 11.02.19.

Behandling i Eldrerådet - 11.02.2019:

Eldrerådet godkjente møteinnkalling til møtet 11.02.19.

Vedtak:

Eldrerådet hadde ingen merknader til innkallinga og godkjente denne.

PS 2/19 Godkjenning av saksliste

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet godkjenner sakslista for møtet 11.02.19.

Behandling i Eldrerådet - 11.02.2019:

Eldrerådet godkjente sakslista for møtet 11.02.19.

Vedtak:

Eldrerådet godkjente sakslista.

PS 3/19 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 10.12.18

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet godkjenner møteprotokoll frå møtet 10.12.18.

Behandling i Eldrerådet - 11.02.2019:

Eldrerådet godkjente møteprotokoll frå møtet 10.12.2018.

Vedtak:

Eldrerådet godkjente møteprotokollen frå førre møte.

PS 4/19 Orienteringssaker**Framlegg til vedtak:**

Eldrerådet tek orienteringssakene til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 11.02.2019:

- Trygve Eiken refererte frå kompetanseseminar «Trygt og Universelt nærmiljø» som blei arrangert 12.11.19.

På seminaret blei det orientert om prosjektet «Godt å bu heime» og Trygt og universelt nærmiljø, prosjekt i Stord kommune, Kristin Steinsland.

Sølvi Marie Risøy frå Blindeforbundet heldt eit foredrag ho hadde kalla; Det handlar om ikkje å mista kvardagen – Kordan er det å «sjå» lite.

Ingvild Nesse frå Cubus Landskapsarkitekt hadde innlegg om; «Livet mellom husa»: Detaljplanlegging, Arkitektoniske virkemiddel, Kunstige ledelinjer - vert kalla - Taktilitet – berøringssans.

Karen-Anne Noer frå Universell Utforming AS hadde foredrag om; Kommuneplanen – ein felles plattform for eit inkluderande samfunn.

Ane Agdestein, Yngvild B. Furunes og Tove Agdestein (folkehelse-koordinator). Dei viste til ymse aktuelle stader i og rundt Leirvik, kor det var store problem for til dømes rullestolbrukarar. Presentasjon med kart og bilete.

- Rådmann Olaug Haugen kunne ikkje møte i dagens møte. Eldrerådet meiner at det bør byggast fleire leiligheter for eldre i Fitjar sentrum. Eldrerådet ynskjer meir informasjon om planprogrammet.
- Eldrerådet vart enige om at det ikkje blir sendt medlemmer på eldrerådskurs.
- Eldrerådet tek referatet frå fylkeseldrerådet til vitande.
- Eldrerådet har fått informasjon frå Pensjonistforbundet ang. velferdsteknologi-ambassadører. Eldrerådet blei enige om at representant frå Eldrerådet melder seg på kurs. Forslag til kurslokale: Seniorsenteret.
- Leiar Eva Pernille Tufteland les opp frå sitt utkast til brev til Boots Norge a/s, blei også utdelt i møtet.

Vedtak:

- Informasjon frå kompetanseseminar «Trygt og Universelt nærmiljø». Informasjonen blei tatt til vitande.
- Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel. Leiar Eva Pernille Tufteland kontakt med rådmann Olaug Haugen for meir informasjon og vil deretter kalle inn til ekstraordinært møte i Eldrerådet.

- Eldreråds kurs: Det blir ikkje sendt nokon frå Fitjar eldreråd på eldreråds kurs i år.
- Referat frå fylkeseldrerådet blei tatt til vitande.
- Leiar Eva Pernille Tufteland tek kontakt med Pensjonistforbundet angående kurs for Velferdsteknologiambassadører.
- Eldrerådet godkjente brevet til Boots Norge a/s.

PS 5/19 Tannhelsetenesta i Fitjar

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet sender saka vidare til Rådmannen og til vidare politisk handsaming.

Behandling i Eldrerådet - 11.02.2019:

Eldrerådet diskuterte saka. For å få tannlege til Fitjar, må det bli eit samarbeid mellom Fitjar kommune og Hordaland fylkeskommune.

Vedtak:

Saka sendast vidare til rådmann og til politisk handsaming.

PS 6/19 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Eldrerådet - 11.02.2019:

Representanten Grete Marit Veka Maraas informerte at siste beskjeden angående heisen på Fitjar Kultur- og Idrettsbygg, er at arbeidet startar 25.02.19.

Vedtak: